

## VALDRESKVELVEN SPEL OG DANSARLAG

### Årsmelding for 2004

Meldingsåret starta med årsmøte på Haukåsen 15. mars 2004.

Desse vart i styret for 2004

Styret: Kari Hagaseth attval som leiar

Karin Trøen Hagen

Ingrid Skavhaug

Tron Kittelsen attval

Nils Rogn attval

Vararepr.: Jan Sparstad

Guro Råheim Kvam

Valnemd: Kari Birgit Lien

Nils Leine

Kari Fagersand

Revisorar: Arne Belsheim

Boye Thorpe

Laget har hatt to styremøter i meldingsåret.

Laget har 42 medlemmer.

Ingrid S. og Nils R. var utsendingar til årsmøte i VFL som var den 19. mars.

27. mars fekk me gjennomført "Grihamarkvelden" på Øye Samfunnshus. Det vart gjeve ut ein CD med innspelingar av Ola Grihamar d. e. Denne kom ut i 2003. Valdreskvelven ynskte å markere denne utgjevinga, og saman med Ola Grihamar planla me ein konsert/festkveld i Øye. Konserten inneheld lokale og tilreisande krefter: Knut Hamre hardingfele, Oddbjørn Skeie klassisk gitar, Eirik Øye Piano, Marit Karin Høyme og Marit Brestad blåseinstrument og Ola Grihamar hardingfele. Berit Leirhol (89) fortalde levande og engasjert og utan manuskript, om dagleglivet oppi øvre dale' for nokre tiår sidan. Nils Leine presenterte CD-en og Vidar Eltun var ein engasjert programleiar. Det vart servert rummegrout og spekemat. Eit godt samarbeid mellom styret og lokale krefter gjorde dette til ein vellukka festkveld.

Medlemmer av laget deltok på lokalkappleiken i Sør Aurdal 24.04.04. Kari Hagaseth-dommar, Anna Ødegården- langeleik, Tora Skavhaug Vik, Ida Marie Gram Hemsing, Lene Rogn, Solfrid Thorpe og Ola Ingar Trøen Hagen- halling.

12 ungar frå Vang deltok på Strunkeveka på Leira i juli. Laget gav også i år støtte på kr. 500 til kvar. Fleire foreldre frå Vang var med som vakter.

Fleire medlemmer frå laget hadde oppgaver på Jørn Hilmestemnet (i tevlingsnemda og som vakter).

11. august kom det eit huldrefølgje til Nøsen. Det var Ingrid Skavhaug, Sigrid Eggen, Anne Belsheim, Karin Trøen Hagen og Ola Norvald Hagen spelemann som underheldt. Jørgen Trøen hadde bestilt underholdning for pensjonistar.

Purrebæadn dukkar opp i ny og ne. Den 29.08.04. var Odd Nordstoga i Vang og held konsert. Purrebæadn saman med ei gruppe ungar (Gro Belsheim, Tora Skavhaug Vik, Ida Marie Gram Hemsing, og Anna Ødegården) hadde kvar sine sanginnslag som "oppvarming".

*Lew Rogn*

Kari Hagaseth og Ingrid Skavhaug deltok på kvedarseminar i Trondheim (norsk kvedarforum var arrangør) det var 10.- 12. september. Det var ei svært inspirerende helg med dyktige utøvarar og interesserte deltakarar.

Me hadde fire kveldar på Åsvang med hallingdans, sang, langeleik og runddans frå 19.10.04. til 30.11.04. Mellom 10 og 15 blide og ivrige ungar var med. Nils Rogn, Andris Kvam, Ingrid Skavhaug og Kari Hagaseth har vore instruktørar.

Nokre få har deltake på krullarkro på Leira i haust. (13-18 år)

Purrebæadn (Rigmor Solem, Inger Sørum, Ingrid Skavhaug, Jan Sparstad, Guro Hovda, Anne Lajord Belsheim, Sigrid S. Eggen og Kari Hagaseth) var med å "song inn jula" i Hensåsen kyrkje. Me bidrog med to songar: "Juleverset" etter Ingebjørg Lajord Hamre og "Til den gamle simple stue" etter Karen Nordland.

Det har så smått kome i gang eit samarbeid mellom Valdreskvelven og flykningemottaket i form av ei musikkgruppe leia av Katarina og Jan Sparstad. Dei har kome godt i gang og har planer om å opptre på diverse arrangement

Kari H. sit i styret for Vang musikkråd. Laget er medlem av Vang folkeakademi.

Eg vil takke styret og medlemmene i laget for god innsats i året som har gått☺ (og Anna min trufaste sekretær...☺☺)

Liagardane, 13. mars 2005. Kari Hagaseth.

### **Valdreskvelven spel- og dansarlag**

#### **Arbeidsplan 2005- 2006**

1. Konsert med Camilla Granlien band?
2. Dans i Tørpeskulehuset 19. april.
3. Konsert i skulene i Vang til hausten med medlemmer av valdreskvelven.
4. Konsert med folkemusikkutøvarar før jul.
5. Medlemsverving.